



Kristian Øvstebø er ein av dei som ser fram til Folgefonna Opp

Laurdag 10.august vert det populære motbakkeløpet Folgefonna Opp arrangert, og løpet går inn som ein del av årets Norges Cup. I tillegg til sjølve motbakkeløpet vert det også folkefest med kjekke aktivitetar på Sandarvollen. Her er Mauranger Bygdelag arrangør, medan dei har Uskedal idrettslag som medarrangør i motbakkeløpet.

Det har alt meldt seg ein del uskedelinger til å vera med å hjelpa til blant anna som løypevakter, men Cathrine Haugland i arrangementskomiteen seier at det er veldig kjekt om det blir fleire. Det er berre å kontakta henne (mobil 957 73 534) og sjølvagt er ho glad for å få melding så snart som mogeleg. Det er kjekt å kombinera å vera frivillig med både tur og familieaktivitetane på Sandarvollen. Der vert det både servering og ulike aktivitetar som barkebåtløp, støvelkasting, økseasting, mjølkespannhalding, ansiktsmaling og quiz. Det vert og musikk av B-gjengen i Rosendal musikklag.

Sjølve motbakkeløpet samlar heile norgeseliten. Løypa følgjer Isvegen innover Bondhusdalen, deretter oppover den frodige Hillarslia med sine mange hårnålssvingar, til Gardshammar (745 moh). Vidare følgjer løparane den T-merka stien inn i eit alpint landskap, og kjem i mål etter 11 km ved Fonnabu turisthytte (1.460 moh). I år er det 8. gongen dette løpet vert arrangert, og det er blitt svært populært. Det er første gongen det er tatt inn i norgescupen i motbakkeløp, og det er også første gong Uskedal idrettslag er medarrangør.

I tillegg til det gode ryet Folgefonna Opp har fått i løparkretsar, har også arrangørane hausta mange lovord for det kjekke familiearrangementet som dei legg opp til parallellt. Derfor er det absolutt god grunn for å anbefala Mauranger-tur nettopp denne dagen!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Jan Øvstebø